



HEMSEDAL KOMMUNE



BEREDSKAPSPLAN

– revidert

16.09.2016

Hallingdal

INNHALD

Innhald

INNHALD.....	2
INNLEIANDE ORD.....	4
1. Kommunalt krisehandteringsapparat	5
1.1 Kommunal kriseleiing.....	5
1.2 Årshjul – beredskapsplan	5
1.3 Varsling av kriseleiinga	5
1.4 Kriseleiinga si fullmakt	6
1.4.1 Fullmakter	6
1.4.2 Økonomisk ansvar.....	6
1.5 Beredskapsrommet – kommunestyresalen	6
1.6 Kriseleiinga sine oppgåver	7
1.6.2 Hovudoppgåver inndelt etter roller.....	7
1.7 Instansar kriseleiinga etablerer kontakt med	9
1.7.2 Støtteapparat for menneske i krise – Kriseteam	9
1.8 Andre opplysningar	10
1.9 Nedtrappingsfase – etterarbeid.....	10
2. Informasjonsarbeidet	11
2.1 Støtteapparat for informasjon	11
2.2 Organisering av informasjonsberedskapen	12
3. Støtteapparat for evakuering	12
3.1 Oppgåvene til dei som skal leia/gjennomføre evakueringa i evakueringsområde	12
3.2 Innkvarteringsstader	13
3.2.1 <i>Uluke/mindre katastrofe:</i>	13
3.2.2 <i>Katastrofe ved stor flaum :</i>	13
3.2.3 <i>Katastrofe ved dambrot:</i>	13
4. Tiltakskort.....	15
4.1 Prioriterte bygningar ved straumbrot.....	15
5. Beredskapsrådet.....	15

5.1 Beredskapsrådet sin funksjon	15
5.2 Samansetninga til beredskapsrådet.....	16

Beredskapsplanen vart vedtatt av kommunestyret i sak 06/13 og er revidert i 2016.

INNLEIANDE ORD

Denne planen gjer greie for korleis kommunen si overordna leiing skal organisere seg i kriser og korleis kommunen skal leie innsatsen sin i krisesituasjonar. Fyrst og fremst gjer planen reie for kriser innanfor Hemsedal kommune sine grensar, der Hemsedal sine innbyggjarar eller andre personar som opphelder seg i kommunen blir ramma.

Med ordet krisesituasjon meiner vi i denne planen ein situasjon der ei uønskt ytre hending trugar eller rammar eit større tal menneskje og/eller betydelege materielle verdiar, og der skadeverknadene er, eller kan bli, meir omfattande enn kva det ordinære hjelpeapparatet kan takle.

Hovudregelen er at redningsinnsats ved ulykker og alvorlege skadesituasjonar er lagt til den lovbestemte operative kriseleiinga (politi). Den kommunale kriseleiinga skal då handle innafør dei rammene som vart gjeve av politiet. Likevel kan det oppstå krisesituasjonar knyt til kommunen si verksemd (til dømes smitte, brot i vassforsyning og liknande) der kommunen sjølv har det overordna ansvaret.

Vi må vera budde!

Oddvar Grøthe

Ordførar

1. Kommunalt krisehandteringsapparat

1.1 Kommunal kriseleiing

Ved ei omfattande ulykke eller katastrofe kan ordførar etablere ei kriseleiing i kommunen. Kriseleiinga skal i utgangspunktet berre vere sett saman av personar som jobbar i kommunen. Den kommunale kriseleiing har ein overordna funksjon og kriseleiinga skal difor ikkje delta på skadestaden.

Kriseleiing vil vere den som har det kommunale ansvaret for å leie krisa.

Kriseleiinga er samansett av 4 faste medlem med avløyser:

- Ordførar - varaordførar
- Rådmann - teknisk sjef
- Informasjonsansvarleg - medarbeidar i tenestetorget med opplæring
- Beredskapskoordinator - økonomisjef

Blant anna desse kan bli kalla inn til kriseleiinga om situasjonen tilseier det. Her må ei vurdering av fagkompetanse og type ulykke/katastrofe eller hending vere sentral.

- Økonomisjef - ikkje relevant da økonomisjef vil få oppgåver i etterarbeidsfasen, og ikkje så mye i akutfasen.
- Personalsjef - lønsansvarleg
- Teknisk sjef - leiar teknisk drift
- Helse- og omsorgssjef - leiar koordinerande eining
- Kultur- og oppvekstsjef - fagleiar barnehage
- Kommuneoverlege - ein som er valt frå legekantoret

1.2 Årshjul - beredskapsplan

Overordna beredskapsplan skal reviderast kvart år. Revidering skal skje i første kvartal. Ansvarleg for revidering er beredskapskoordinator og rådmann. Krise og beredskapsarbeidet skal ha eiga plass i kommunen si handlingsplan (produksjon på hausten) og i årsmeldinga til kommunen (produksjon på våren). Dette skal sikre at planen er oppdatert, og at innbyggjarar og politikarar kan holde seg oppdatert på kommunen sitt beredskapsarbeid.

1.3 Varsling av kriseleiinga

Kriseleiinga varslast manuelt pr. telefon, via CIM (CIM er eit loggføringsverktøyet som kommunen kan nytte opp mot rapportering til fylkesmannen i Buskerud, systemet kan også nyttas til intern varsling) eller på andre måter.

- Rådmann vert varsla på bakgrunn av vurdering tatt av brannsjefen, politiet eller annen myndighet.
- Rådmann vurderer omfanget av krisa.
- Rådmann kallar etter behov inn den kommunale kriseleiinga og naudsynt fagpersonell i og utanfor kommunen.

1.4 Kriseleiinga si fullmakt

1.4.1 Fullmakter

Kriseleiinga vert tilpassa dei ulike krisesituasjonane. Det er naudsynt med delegert mynde og vide fullmakter for at gruppa kan utføre sitt arbeid på best mogleg måte.

Kommunestyret har i møte den 09.10.2014 gitt rådmann fullmakt til å foreta dei økonomiske disposisjonane han finn naudsynt ved kriser/katastrofar.

Hasteslutningar/vedtak kan kriseleiinga gjera, utan at saka må gå gjennom kommunestyret eller formannskapet.

1.4.2 Økonomisk ansvar

Kommunen vil normalt stå økonomisk ansvarleg for dei utgiftene som kjem i forbindelse med katastrofeinnsats. Det vil seie utgifter kommunen sjølv har tatt initiativet til. Dersom utgiftene er store, er det mogleg å søkje staten om delvis dekning.

1.5 Beredskapsrommet – kommunestyresalen



I andre etasje i kommunehuset ligg Kommunestyresalen. Den har projektor og internettforbindelse.

Møterommet Skogshorn har projektor og høgtalartelefon (denne telefonen kan flyttast

opp i Kommunestyresalen ved behov).

Teikningar på korleis salen skal innreiast ved møte i kriseleiinga ligg som vedlegg til planen.

1.6 Kriseleiinga sine oppgåver

- Hente inn opplysningar og vurdere situasjonen i kommunen
- Ta avgjerd om å setje i verk tiltak for å hindre skader på personar, miljø og materielle verdiar.
- Prioritere kommunens egne ressursar.
- Utarbeide og sende ut informasjon via informasjonsansvarlig til innbyggjarar og media.
- Gje periodiske rapportar om situasjonen til fylkesmannen

Kriseleiinga skal sjå til at desse oppgåvene blir delegert til rett instans om naudsynt:

- Bistand til evakuering via evakueringsgruppa
- Innkvartering og forpleiing av skadde og redningsmannskaper via evakueringsgruppa.
- Sørgje for at personar som har vore utsatt for store påkjenningar får hjelp frå kommunen sitt kriseteam.
- Sikre vass- og straumforsyning.
- Rette opp skader i kommunikasjonar og andre anlegg
- Gjennomføre rasjonaliserings- og reguleringstiltak
- Rydde eit skadested og yte ei innsats for å verne miljøet
- Gjennomføre førebyggjande tiltak mot eiga verksemd

1.6.2 Hovudoppgåver inndelt etter roller

FASTE MEDLEM

Ordførar:

- Gjennomføre pressekonferansar/ samarbeide og utarbeide pressemeldingar
- Uttale seg på vegne av kommunen
- Varaordførar erstattar ordføraren i kriseleiinga ved behov

Rådmann:

- Leie kriseleiinga
- Styre/ koordinere den faglege handteringa av hendinga.
- Ta avgjerd i samarbeid med kriseleiinga
- Delta i utforminga av pressemeldingar

- Holde kontakt med fylkesmannen og andre eksterne samarbeidspartnarar

Beredskapskoordinator:

- Sørge for å halde kontakt med fylkesmannen og rapportere dit.
- Vere med på å organisere informasjonsflyt
- Skrive situasjonsrapport frå krisearbeidet

Informasjonsansvarlig:

- Vere ansvarleg for informasjon eksternt og internt
- Utarbeide pressemeldingar i samarbeid med ordførar og rådmann
- Handtere media
- Opprette informasjonskanalar ut til publikum
- Mobilisere andre i informasjonsgruppa (tenestetorget, ved behov med fleire)
- Ansvarleg for loggførar

Loggfører:

- Samle og sortere informasjon frå kriseleiing og stab.

ANDRE SOM KAN INNKALLAST TIL KRISELEIINGA

Personalsjef:

- Halde oversikt over menneskelige ressurser og holde oversikt over avløsningsordningar.
- Vere ansvarleg for informasjon internt i kommunen
- Koordinere bevertning

Leiar for teknisk etat:

- Knytte kontakt og få oversikt frå stedet kor hendinga inntraff.
- Følgje opp kriseplan driftssektoren
- Følgje opp kriseplan bygg
- Følgje opp beredskapsplan vann
- Følgje opp brannplan
- Ha ansvar for oljevernberedskap
- Ha oversikt over ROS-analysar og brannressursar

Leiar for helse og omsorg:

- Følgje opp plan for helsemessig og sosialberedskap

- Halde oversikt over Bygdaheimen og omsorgsbustadar
- Sørge for medisinsk fagleg kompetanse

Leiar for kultur og oppvekst:

- Halde oversikt over alle skuler og barnehagar i kommunen
- Halde oversikt over beredskaps- og evakueringsplanar
- Sette i verk informasjonsspreiing
- Halde oversikt over alle skulebygga i kommunen og følgje opp beredskapsplanane til bygga.

Økonomisjef:

- Sørge for nødvendig avløyning.

Utover det som står over må kriseleiinga utgjere eit team som saman skal foreta nødvendige vurderingar og slutningar i ein krisesituasjon. Det er difor viktig at kriseleiinga er breitt samansett med forskjellig kompetanse og ansvarsforhold.

NB! Kommunal kriseleiing er ein overordna funksjon og kriseleiinga skal ikkje delta på skadestaden.

Som nemnt overfor er personalsjefen ansvarleg for avløyingsordningar under krise. Rullering og avløyning er viktig i ei krise.

1.7 Instansar kriseleiinga etablerer kontakt med

- Lokal redningsentral, sjå kontaktinformasjon i vedlegg
- Fylkesmannens beredskapskontor, sjå kontaktinformasjon i vedlegg .

1.7.2 Støtteapparat for menneske i krise – Kriseteam

Støtteapparat for menneske i krise, heretter Kriseteamet, kan komme saman ved spesielle hendingar, slik som dødsfall, personlege kriser, katastrofar, ulykker.

I prinsippet bør mest mogleg av hjelpen komme frå nærmiljøet til den/dei ramma, det vil seie mobilisering av støtte frå familie, vener, arbeidskollegaer, naboar og så vidare. Det kommunale kriseteamet bør vere eit supplement, og/eller alternativ i tilfelle der det sosiale nettverket ikkje byr på tilstrekkeleg hjelp. Unntaket er ved større katastrofar og ulykker, i slike situasjonar SKAL kommunen tilby profesjonell hjelp.

Sorg- og kriseteam vert ved krise etablert i samarbeid mellom fagleiar for psykisk helseteneste og personell knytt til helse- og sosialtenesta, soknepresten/kapellan og lensmannen. Sorg- og kriseteamet skal gi hjelp til personar som treng det; skadde,

uskadde, pårørende og hjelpemannskap. Kriseteamet har ingen vaktordning.

Leiar av Kriseteamet vel oppmøtestad og informerer resten av temaet kor dei skal møte opp.

1.8 Andre opplysningar

Ved straumbrot kan ein nytte eit aggregat som står i Gol. Ta kontakt med Hemsedal Energi KF.

1.9 Nedtrappingsfase – etterarbeid

1.9.11 Nedtrapping

- Kriseleiinga vurderer når krisa er over og når kommunen går attende til vanleg drift
- Nødvendig etterbehandling av innsatspersonell og eventuelt pårørende i ein kort periode. Seinare behandling bør tas over av primærhelsetenesta.
- Evaluering

1.9.2 Ansvarsdeling mot politi/lensmann og Fylkesmannen

Politiet har generelt ansvar for å leie:

- Redningsaksjonar der det er fare for tap av menneskeliv og fare for skade med tap av store verdiar.
- Saker der det er utført straffbare handlingar eller det er mistanke om det.

Kommunal leiing må vere forsiktig med å kommentere hendingar som vil bli etterforska som straffbare handlingar, også om forhold som ikkje direkte gjeld etterforskinga.

Kommunen vil normalt ha ansvaret for kriseleiing for hendingar som strekker seg over lengre periodar og kor fare for menneskeliv er låg, til dømes ved ekstremver.

Ifølgje kongelig resolusjon av 12.12.97 vert fylkesmannen gjeve høve til, ved større regionale kriser, å overføre ansvaret for kriseleiinga frå lensmannen/politimester til eigen krisestab.

2. Informasjonsarbeidet

2.1 Støtteapparat for informasjon

Informasjonsansvarleg - eksternt	Ordfører
Koordinering av informasjonsarbeidet	Informasjonsansvarleg / Leiar av Tenestetorget
Informasjonssenter	Tenestetorget (31 40 88 00 /31 40 89 90 må aktiverast)
Pressesenter ved større hendingar	Kultursalen
Samlingsstad for pårørande	Helsesenteret

Ved større hendingar kan dette endrast. NB! Viktig at ikkje pressesenter og pårørandesenter er på same stad.

Informasjonsteamet består av:

- Ordfører
- Rådmann
- Informasjonsansvarleg
- Beredskapskoordinator
- Tenestetorget

Alt informasjonsarbeid skjer i samråd med ordfører og rådmann. Det vil normalt vere ordfører som har kontakt med media.

Overordna prinsipp:

Ein omfattande krisesituasjon kan deles i to fasar: Akutfase (normalt det fyrste døgnet) og driftsfase. Denne planen omfattar i hovudsak akutfasen, der fylgjande prinsipp gjeld:

1. Det er lensmannen/politiet som gir konkret informasjon om hendinga, både omfang og konsekvensar.
2. Kommune si oppgåve er fyrst og fremst:
 - a. Varsle dei som er utsett for fare og eventuelt pårørande
 - b. Koordinere innsats på systemnivå – og orientere om tiltak
 - c. Forhindre unødig frykt.

I driftsfasen tar kommunen over meir av leiinga og koordineringa også på skadestaden.

2.2 Organisering av informasjonsberedskapen

Leiar av tenestetorget er ansvarleg for koordineringa av informasjonsarbeidet i kriser. Leiar av tenestetorget inngår i kommunen si kriseleiing.

Ved hendingar som ikkje krev samankalling av den sentrale kriseleiinga, har den enkelte etat, avdeling eller verksemd/eining ansvar for naudsynt informasjon til publikum og media. Tenestetorget vil vere til disposisjon for praktisk assistanse.

Det vert lagt vekt på at planen er personuavhengig. Det betyr at det i planen er tale om stillingstittlar og funksjonar og liknande. Kven som sit i stillingane vil gå fram av vedlegg til planen.

3. Støtteapparat for evakuering

Ved større ulukker kan det vere aktuelt å flytte personar frå eit skadeområde eller utsette område i kommunen til ein tryggare stad. Fleire styresmakter har fullmakt til å setje i verk evakuering. I dei fleste tilfelle vil det vere politiet som tek avgjerda om evakuering skal skje og gjennomfører slik flytting. Kommunen vil, dersom det er snakk av evakuering av større omfang, vere medverkande. Det er difor naudsynt å ha tenkt gjennom kva ein evakuering kan krevje av ressursar og korleis den skal gjennomførast.

3.1 Oppgåvene til dei som skal leia/gjennomføre evakueringa i evakueringsområde

1. Skaffe seg oversyn over evakueringsområdet, mellom anna kven som bur der. Gisline og UMS varsling (befolkningsvarsling) kan nyttast. UMS har både moglegheit til å varsle alle mobilar i området og/eller dei med heimel. UMS kan nyttast i samanheng med evakuering, men også anna informasjon som kommunen eller blålysetatane meiner at det må varslast om, sjå plan om krisekommunikasjon.
2. Informere innbyggjarane i det området som skal evakuerast om kva dei kan ta med seg
3. Skaffe høvelege transportmiddel, politiet kan rekvirere om naudsynt.
4. Samla personane i passande lokale når innkvartering ikkje kan skje direkte
5. Gjennomføre registrering over kven som vert innkvartert og kvar, kven som flytter på eiga hand m m
6. Kontrollere at evakueringsområdet er tomt og setja ut vaktmannskap
7. Hjelp til med behandling av skadde personar og personar i sjokk
8. Samarbeide nært med leiinga på skadestaden/katastrofestaden
9. Sørgje for forpleiing og eventuelt klede

10. Omsorgsfunksjon. Avtale med prest, frivillige organisasjonar eller andre

11. Gje løpande informasjon

3.2 Innkvarteringsstader

Kva innkvarteringsstader som brukast er avhengig av kva ulukke/katastrofe det er. Ved ulukke/"mindre" katastrofe vil kommunen sine eigne bygningar takast i bruk. Ved større flaumkatastrofe, vil mange av desse vera utsette og kan ikkje nyttast. Ein deler difor innkvarteringsstadene i "ulukke/mindre katastrofe", "katastrofe ved stor flaum" og "katastrofe ved dambrot". Dei evakueringsansvarlege har tilgang på kart som viser kva som er «trygg sone» ut i frå karakteren til hendinga, og vil difor kunne vurdere kva som er rett stad for evakuering ved den gitt hendinga.

3.2.1 Ulukke/mindre katastrofe:

Ulsåk oppvekstsenter
Hemsedal barne- og ungdomsskule
Tuv oppvekstsenter
Trøimshallen
Hugnadheim m/ungdomsklubben
Kyrkjestugu

3.2.2 Katastrofe ved stor flaum :

Innkvarteringsstadene må vurderast ut frå omfanget av flaumen, men som hovudregel skal desse brukast:

Ulsåk oppvekstsenter
Hemsedal barne- og ungdomsskule
Tuv oppvekstsenter
Trøimshallen
Hugnadheim m/ungdomsklubben
Kyrkjestugu

Ved 100-årsflaum vil vassgrensa gå under Kommunehuset. Kommunehuset vil difor kunne nyttast som informasjonssenter ved flaum opp til 100-årsflaum. Ved 200- eller 500-årsflaum vil Bygdaheimen, Hemsedal barne- og ungdomsskule, samt Tuv og Ulsåk oppvekstsenter vere i «trygg sone».

3.2.3 Katastrofe ved dambrot:

Ved dambrot, eller ved fare for dambrot, er det i første rekke viktig å få folk ut av fartesonen, d v s opp frå dalbotnen. Dambrot er så ekstraordinært at det er vanskeleg å peike ut stadene for direkte innkvartering på førehand på grunn av varierende vasstand. E-CO Energi AS har dambrotsberekningar.

Kven som er evakueringsmannskap i dei forskjellige kretsane går fram av vedlegg til planen. Kretsane er Tuv, Trøim og Ulsåk.

4. Tiltakskort

Tiltakskorta og planar frå etatane tar utgangspunkt i dei forholda som er avdekka i kommunale risiko- og sårbarheitsanalysar (ROS). Det vil også kunne vere andre hendingar det må utarbeidas tiltakskort for, men utgangspunktet er forhold som er avdekka i risiko- og sårbarheitsanalysa.

Tiltakskorta er unnateke offentlegheit av omsyn til teknisk informasjon blant anna.

4.1 Prioriterte bygningar ved straumbrot

Dersom straumtilførselen blir redusert, må det avtalast med Hemsedal Energi KF at fylgjande bygningar skal prioriterast:

1. Bygdaheimen
2. Kommunehuset/ helsesenteret
3. Vassforsyningsanlegg
4. Innbyggjarar

Ved straumbrot har kommunen eit aggregat som vi deler med Gol kommune. Dette aggregatet kan rekvirerast ved behov.

5. Beredskapsrådet

5.1 Beredskapsrådet sin funksjon

Beredskapsrådet er til vanleg kommunen sitt samarbeidsorgan i beredskapsspørsmål, det vil seie eit forum for samarbeid mellom kommunale og statlege totalforsvarsmyndigheiter, og er eit forum for gjensidig informasjonsutveksling om beredskapsmessig status i den einskilde etat/ institusjon.

Rådmann er leiar av beredskapsrådet og sørgjer for innkalling.

Beredskapsrådet, som er eit rådgivande organ, blir kalla inn når ordføraren eller rådmannen bestemmer det.

Ekstraordinært møte i beredskapsrådet er aktuelt å innkalle til når:

- Fylkesmannen ber om det
- Kriseleiinga si fullmakt ikkje kan løyse oppgåva

- Katastrofetrusselen er openbar, det vil seie det vil raskt kunne bli kritisk for ein rekke menneskjer.

5.2 Samansetninga til beredskapsrådet

Beredskapsrådet til Hemsedal kommune har fylgjande samansetning:

- Rådmann
 - Ordførar
 - Dei øvrige i kommunal kriseleiing
 - Kommunal og statlege fagorgan i kommunen
- (Innan tekniske oppgåver, jord- og skogbruk, energiforsyning, helse- og velferdsteneste, mattilsynet, tilflyttingsnemnd, politi/lensmann og militær/heimevernet)